

## Invitasjon til seminar om norskfaget 10. februar

**Språkrådet har spurt norsklærarar om haldninga deira til faget sitt. Resultata frå undersøkinga legg Språkrådet fram på eit ope seminar. Det er framleis ledige plassar.**

Betyr utdanningsnivået i norsk noko for kva haldning norsklærarar har til faget sitt? Har det noko å seie kor mange år dei har arbeidd som norsklærarar? Likar dei jobben og elevane, og kva meiner dei om arbeidsomfanget og innhaldet i faget?

Språkrådets fagråd for skole og offentleg forvaltning gav hausten 2010 Synovate Norge AS i oppdrag å gjennomføre ei undersøking av kva haldningar norsklærarar har til eige fag og til innhaldet i faget. Alle ungdomsskolar og vidaregåande skolar i landet fekk invitasjon til å delta i undersøkinga. 1131 norsklærarar i vidaregåande skole og 463 norsklærarar i ungdomsskolen har svart. Språkrådet presenterer resultata på eit ope seminar med påfølgjande paneldebatt.

Ove Eide, leiar i fagrådet for skole og offentleg forvaltning vil leggje fram funna. I paneldebatten etterpå deltek Siv Hilde Lindstrøm frå Utdanningsdirektoratet, Frøydis Hertzberg frå Universitetet i Oslo, Evy Ann Eriksen frå Utdanningsforbundet, Gro Elisabeth Paulsen frå Norsk Lektorlag og Andreas Borud frå Elevorganisasjonen.

Det blir høve til å stille spørsmål og komme med korte kommentarar frå salen.

Tid og stad: 10. februar 2011, kl. 12 – 15, møterom 70, Observatoriegt. 1b.

Av omsyn til plassen vil vi gjerne ha påmelding til [lars.erik.klemsdal@sprakradet.no](mailto:lars.erik.klemsdal@sprakradet.no) med ordet Haldning i emnefeltet på e-posten innan 8. februar. 31. januar legg Språkrådet ut pressemelding om undersøkinga på <http://www.sprakradet.no>.

Fagleg kontakt: Torbjørg Breivik, seniorrådgivar i Språkrådet, tlf. 926 18 874  
Pressekontakt: Svein Arne Orvik, informasjonssjef i Språkrådet, tlf. 938 06 923